



Sigrid og Terje Odland
Solberget 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2438 - 16/20434

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:
28.10.2016

Godkjenning - GBNR 1/269 - Søknad om løyve til oppføring av kai og slipp - Flatøy

Administrativt vedtak. Saknr: 347/2016

Tiltakshavar: Terje Odland.
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av kai og slipp på gbnr. 1/269, Solberget 11 på Flatøy.

Den omsøkte eigedomen er matrikkelført med eit samla areal på 1,8 daa. Den er frå før av bebygd med ein bustad på 201 m² BRA og ein garasje på 59 m² BRA. Det er i vedtak datert 5.9.2016, saknr. 292/2016, gitt løyve til oppføring av to naust på eigedomen, med eit samla areal på 70 m² BYA/BRA. Samla er eigedomen bebygd med 330 m² BYA, medrekna nausta. Det er no søkt om oppføring av kai og slipp. Kaien er omsøkt med eit areal på om lag 30 m² og slippen med eit areal på om lag 20 m².

Det er søkt om løyve til Bergen og omland Havnevesen, som stiller seg positive til tiltaket, jf. brev datert 24.10.2016, journalført 26.10.2016.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, journalført motteke 29.9.2016.

Nabovarsling:

Tiltaka vart nabovarsla den 3.8.2016 saman med søknad om oppføring av to naust på eigedomen. Det er ikkje kome merknadar til søknaden. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av kai og slipp er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2. Etter kommunen sitt skjønn er det omsøkte eit mindre tiltak som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav e).

Den omsøkte eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Flatøy sør/aust, planid: 125619971015, men det følgjer av føresegn 1.1 tab. 1 til arealdelen til kommuneplanen (KPA) at for område NA_3 på kartet til KPA gjeld KPA føre reguleringsplanen. Nauste er omsøkt plassert på område NA_3 på kartet til KPA som er satt av til framtidig naust i KPA. I følge tab. 6 i føresegn 2.1.5 til KPA kan det førast opp 3 naust i området. Dei omsøkte nausta er i samsvar med arealformålet i KPA og antal tillat oppførte naust.

Kai og slipp er i samsvar med arealformålet naust, og tiltaka er difor i samsvar med arealdelen til kommuneplanen.

Plassering og avstand til nabogrense:

Omsøkt plassering er i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd, og skal plasserast som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart journalført 29.9.2016. Kai og slipp skal utformast i samsvar med vedlagte situasjonskart, samt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 29.9.2016.

Visuelle kvaliteter:

Administrasjonen vurderer at dei omsøkte tiltaka stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 a) løyve til oppføring av kai og slipp som omsøkt på gbnr. 1/269, jf. søknad journalført motteke 29.9.2016. Grunngjevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaka skal vere som vist på vedlagte situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Dei opplysningsane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaka ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaka vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaka skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
1+SV+_114409.pdf
Situasjonsplan

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen
v/Aanne-Therese Korsmoe
Sigrid og Terje Odland

Solberget 11

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Sigrid og Terje Odland

Solberget 11

5918

FREKHAUG